

**Sakshandsamar**

Håvard Tveit

Arkivsak - Journalpost

15/664 - 15/7289

Arkivkode

FA-S82, TI-&13

Dato

18.08.2015

Saksframlegg**Høyring på konsesjonsøknad for kraftliner frå Dalsbotnfjellet vindkraftverk til Frøyset transformatorstasjon.**

Saksnummer	Utval	Møtedato
064/15	Kommunestyret	03.09.2015


Kommunestyret har endeleg avgjerdsmynde i saka.

Utsende saksdokument**Ikkje utsende saksdokument**

- Konsesjonssøknad frå Zephyr AS:
<http://webfileservice.nve.no/API/PublishedFiles/Download/201502028/1399341>

Bakgrunn for saka


Zephyr AS planlegg nettilknyting av Dalsbotnfjellet vindkraftverk med trasé sørover til Frøyset trafo. Vindkraftverket fekk konsesjon i 2013 med felles nettilknyting med Brosviksåta vindkraftverk. SAE vind trekte i 2014 sitt vindkraftprosjekt på Brosviksåta. Nettilknytinga vart ikkje trekt, men Zephyr AS ser det som hensiktsmessig å søke om konsesjon på ein noko kortare trasé der ein unngår nokre av utfordringane som kom fram i konsesjonshandsaminga i 2013. Traséen kryssar Austgulforden litt aust for Hantveit og går vidare over Alvedalen til Bufjellet. Kortaste avstand til nærmeste hus på Kjelbju er om lag 100 meter før kraftlinja er planlagd vidare over Halsane og inn i Masfjorden. Total lengde for heile traséen er 19 km.



Kartutsnitt som syner konsesjonssøkt nettrasé

Både Gulen og Masfjorden kommune har fått utsett høyringsfrist for konsesjonssøknaden til 10.september

I konsesjonssøknaden for Dalsbotnfjellet vindkraftverk var den no konsesjonssøkte nettilknytinga synt som *Alternativ 2 b* – eitt av to alternativ til den konsesjonssøkte tilknytinga. Dette alternativet vart ikkje detaljskildra eller utgreidd noko meir i samband med søknaden for vindkraftverket. Figuren under syner dei tre traséane.



Saksvurdering og konklusjon

Konsekvensvurderingane er utarbeidde etter ein fastlagd metodikk der ulike tema vert vurderte. Konsekvensen nettraséen har for eit tema er samansett av verdien til tema og omfanget av det.

Naturmiljø

Lite funn av store verdiar. Både raudlisteartar, naturtypar, karplanter, mose og lav, fugl, andre dyrearter og verneområde er vurderte. Konsekvensane for storlom og viltområde for smålom er vurderte til å vere liten/middels, dei andre konsekvensane er små eller små/ubetydelege.

Landskap

Traséen er delt i delområder. Verdien av alle delområde er sett til middels, men omfanget er lite. Med unntak av delområde Austgulfjorden (små/middels) og Halsane-Bondesteinen (middels), er konsekvensane små.

Kulturminne og kulturmiljø

Fem område er vurderte. Dei nyrestaurerte Alvedalsløene før middels verdi, medan dei andre får liten eller liten /middels verdi. Konsekvensen vert vurdert som liten for alle områda.

Jordbruk og skogressursar

Jordbruket på Kjelbu får ein liten negativ konsekvens, og skogbruket i Gulen middels negativ konsekvens som ein følgje av uthogging av linetrasé.

Nærmiljø og friluftsliv

Friluftsområde og hjortejakt får ein liten negativ konsekvens av tiltaket. Konsekvensane for hytter og fritidseigedomar er liten/middels negativ

Samla vurdering

Samla sett vert konsekvensane som følgje av den nye nettilknytinga vurderte som små.

Det vil ikkje alltid vere samsvar mellom verdivurderingane til lokalbefolkinga og ei objektiv analyse. For fastbuande i nærområde kring Oppdal, Krossvoll og Kjelbu vil kraftlinia vere godt synleg. I dette området går traséen på tvers av terrenghformasjonane og er vanskeleg å plassere godt i terrenget. Dei fastbuande er også dei som mest nyttar området til friluftsliv. Dette fjellområdet har allereie vore gjennom store inngrep i samband med Kløvtveitutbygginga

Dei nyrestaurerte Alvedalsløene vert nytta i det pedagogiske opplegget knytt til skolemuseet på Oppdalsøya. I tillegg er torvløene ein del av Kystarvprosjektet i HAFS-kommunane. Dei vidare planane for utvikling av området som arena for kunnskap om kulturmiljø må endrast dersom kraftlinia vert ein realitet. Kort tid til feltarbeid aukar sjansen for manglande kunnskap om kulturminne og naturverdiar.

Konsesjonssøknaden legg liten verdi i konsekvensane tiltaket har for fast busetting. Den nye traséen aukar konfliktnivået for gredene kring Oppdal og Kjelbu, medan tidlegare diskuterte problemstillingar kring konsekvensar for luftsportmiljøet i Dalsbygda, ikkje lenger vert aktuelle. Konfliktnivået for fastbuande i Dalbygda kom lite til syne i samband med konsesjonssøknaden på kraftlinetaséen frå Brosviksåta til Frøyset. Dette kan skuldast at det er snakk om ei parallellføring med eksisterande kraftline. Dei to bygdeområda som vert påverka av tiltaka er om lag jamnstore.

Lokal kjennskap legg til grunn rasfare på delar av traseen ved Kjelbu.

Konklusjon

Administrasjonen ser ikkje ei nettrasé mellom Dalsbotnfjellet og Frøyset utan utfordingar og motstand. Dersom ein legg til grunn verdivurderingane i konsesjonssøknaden frå Zephyr AS, finn administrasjonen at det samla konfliktnivået er noko lågare ved ny trasé enn ved ein trasé gjennom Dalsbygda. Samstundes ser

ein ei generell utfordring i at verdien av fast busetjing i område med lite folk, ikkje vert vektlagd i konsekvensutgreiinga.

Administrasjonen sitt framlegg til vedtak

Gulen kommune tilrår at det vert gjeve konsesjon til Zephyr AS for ny nettrasé mellom Dalsbotnfjellet vindkraftanlegg og Frøyset transformatorstasjon.

- Rasfaren ved Kjelbu bør vurderast.
- Utbyggjar må gå i dialog med grunneigarar og kommune om avbøtande tiltak for å sikre vidare framdrift for utvikling av torvløene i Alvedalen.

Behandling i Kommunestyret 03.09.2015

Odd Harald Eide ba om vurdering av ugildskap. Kommunestyret avgjorde at Eide som grunneigar er ugild, jf. fvl. § 6. Eide deltok ikkje ved handsaming av saka.

Nytt felles framlegg frå Senterpartiet og Venstre:

«Gulen kommune går imot at det vert gjeve konsesjon til Zephyr AS for ny nettrasé.

Område Oppdalsøyra – Kjelby har fått stor belastning i friluftsområde ved Kløyvteit utbygginga. Ved å legge ein ny nettrasé i dette område vil dette medføre ei endå større belastning for område. Dei som bur og bruker dette område for kultur og friluftsområde.»

Røysting

Framlegga vart røystast mot kvarandre.

Framlegget frå SP/V fekk 10 stemmer mot 9 (Høgre, Frp, Krf, V v/Dagfinn Midtun)

Vedtak KOM-064/15

Gulen kommune går imot at det vert gjeve konsesjon til Zephyr AS for ny nettrasé.

Område Oppdalsøyra – Kjelby har fått stor belastning i friluftsområde ved Kløyvteit utbygginga. Ved å legge ein ny nettrasé i dette område vil dette medføre ei endå større belastning for område. Dei som bur og bruker dette område for kultur og friluftsområde.